Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Vikedal

Emne: Beit og brom | Bygdelag:

Oppskr. av: Liva Solheim | Gard:

(adresse): Vikedal | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
K. Lillemo

SVAR

1. Beit bruktes før i tida til fôr. Det var tunne riskvister av bjørk. Ein brukte og seljekvister med knoppar om våren, og det kalla ein sveg (av å svå: har svege.)

2. Å henta slikt fôr kalla ein å beita. Ein hadde ikkje serskilt slede til det.

3. Ein henta beit om vinteren. Ein tok heile trea og kvista dei heime. Sveg tok ein av vier og selje om våren.

4. Ein nytta ein lauvkniv eller sigd. Kniven er ca. 4 cm brei.



5. Sau og geit fikk beit. Fekk det for seg sjølv, ikkje blanda med anna fôr.

3002

6. Riset låg i ein haug attmed løa. Dei bar det inn til krøtera og strødde det ut til dei.

7. Ein kjenner ikkje til den skikken her at ein henda beit langfredag.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING